

Samarbeid

Sunde skule - heim



INKLUDERING

- Omtal skulen, elevar, tilsette og skulearbeid positivt!
- Bry deg om at alle elevane i klassen har nokon å vere saman med på fritida.
- Nei til mobbing! Lær borna å vise omsorg for kvarandre – inkluder alle!
- Ser ein trendar som går i negativ retning (t.d. på sosiale media, fritida eller på skulen), må dette takast raskt tak i.

DIALOG OG RELASJON


- Bruk Visma (APP) i kommunikasjon med skulen
- Ta kontakt med skulen når det er noko de er bekymra for, i tvil om eller usamde i. Skulen skal ha låg terskel for å gje tilbakemelding til foreldre.
- Tilsette skal ha eit godt og nært forhold til både born og føresette- og møte dei ulike behov og føresetnader ein har.
- Ha låg terskel for å ta kontakt med andre foreldre når det oppstår noko mellom borna. Ver imøtekommande og lytt til kvarandre. Finn ei god løysing saman og følg dette opp.
- Gje skulen informasjon om hendingar som kan påverke eleven eller klasse miljø.

DELTA OG ENGASJER DEG!

- Delta på sosiale klasse- og skulearrangement.
- Bidra til å skape eit inkluderande klasse miljø. Arranger sosiale aktivitetar på fritida der alle får tilbod om å vere med.
- Engasjer deg på foreldremøte og utviklingsamtaler. Samarbeid med skulen når det gjeld eleven si faglege og sosiale utvikling og følg dette opp.
- Les og følg opp vekeplan o.a. skriv frå skulen.

NETTVETT

- Utarbeid felles reglar/haldningar for nett- og mobilbruk, film og spel på foreldremøte i starten av skuleåret. Følg dette opp i heimane. Respekter aldergrenser.



HJERTESONE
TRYGGERE SKOLEVEI

På same lag